



Leikeplassen treng opprusting og no kjem han. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fylkeshelselaget har vedteke å tildela helselaget i Uskedalen 10.000 kroner frå Midtunheimfondet til opprusting av leikeplassen ved Gamleskulen.**

**Helselaget har også tidlegare fått midlar frå dette fondet: 19.400 kroner i 2009 til trimutstyr for turngruppa i idrettslaget.**

Fylkeshelselaget fekk i fjor 100.000 frå dette fondet til fordeling på 9 gode tiltak for barn og unge i fylket.

I samband med tildelinga til Uskedalen no blir det presisert at at midlane er øremerka tiltak og utstyr som fremmar fysisk aktivitet for barn og unge.

Leiar Selma Eik opplyser til uskedalen.no at pengane vil bli nytta til innkjøp av leikeapparatar til våren.

Opprustinga av Gamleskulen har no verkeleg fått vind i segla både inne og ute. Det er ikkje mange vekene sidan det vart tildelt 150.000 frå andre kjelder til kjøkenet.

Av Ola Matti Mathisen